



Sak 25-23 Budsjett 2024 for VØR IKS og fastsetting av betalingsattsar for renovasjon og slam

Tilråding til vedtak:

Styret rår representantskapet i VØR til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet i VØR rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å gjere slikt vedtak:

1. Med heimel i §34 i Lov av 13 mars 1981, nr 6 om vern mot forureining og avfall, vedtek Kommunestyret dei satsane for renovasjon- og slamgebyr i Volda og Ørsta for 2024 som er gitt i vedlagt prisliste.
2. Vedtaket i punkt 1 er gjort under føresetnad av at gebyrsatsane vert vedtekne likt i både Volda og Ørsta kommunestyre.

Saksutgreiing:

Samandrag

Kommunestyra vedtek renovasjonsgebyra for komande år, etter tilråding frå representantskapet i VØR. Gebyra utgjer ein vesentleg del av VØR sitt budsjett, og saka er difor ei kombinert sak med både budsjett og gebyrfastsetting.

- For 2024 er renovasjonsgebyra føreslege auka med 9,5% . For basistenesta «Renovasjon standard» inneber det ein auke med kr 382,- til ein årspris på kr 4.406,- inkl mva. Mindre enkelttenester kan ha andre prisendringar.
- For slamtøming er gebyra føreslegne auka med 3,5%. For den vanlegaste tankstorleiken med tøming kvart andre år, utgjer dette ein auke på kr 52,- til kr 1560,-/ år inkl mva. Mindre enkelttenester kan ha andre prisendringar.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS er eigd 50% av kvar av kommunane, og selskapet har fått delegert kommunane sine oppgåver etter §30 i Forureiningslova om å syte for innsamling av hushaldsavfall. Dette er ei oppgåve som er tildelt kommunane, og som VØR såleis har monopol på å utføre på vegner av fellesskapen. Det er to viktige prinsipp som er styrande for denne tenesta: at **forureinar skal betale** og at **tenestene skal utførast til sjølvkost**. Det inneber at tenestene skal innrettast slik at den som produserer mest avfall, skal betale mest. Sjølvkost inneber at alle kostnadane med tenestene skal dekkjast av fellesskapen fullt ut og ikkje subsidierast t.d. av eigarkommunane eller av private aktørar. Prinsippet med sjølvkost er det same som gjeld for vassforsyning og avløp. Overskot på tenesteområde for sjølvkost skal settast av på sjølvkostfond og brukast til å dekkje underskot eitt av dei fem påfølgande åra.

I tillegg til hushaldsrenovasjon, organiserer også VØR tøminga av slamavskiljarar på vegner av Volda og Ørsta kommunar. Også dette er ei sjølvkostteneste. Ein stor del av avløpsanlegga i vårt område, anten det er private eller offentlege, er tilknytt ein slamavskiljar som skal tømast med fastsette mellomrom.

VØR har eit heileigd dotterselskap, Retura Søre Sunnmøre AS, som tilbyr renovasjonstenester for bedrifter og næringsaktørar i regionen. VØR har inntekter frå utleige av lokale og sal av tenester til dette selskapet, noko som m.a. sikrar betre utnytting av kapasitet. Dette er vesentleg for eit lite selskap som VØR, som elles ikkje hadde hatt økonomi til å forsvare eit avgrensa driftsgrunnlag. Denne næringsdelen av drifta til VØR er strengt skilt frå dei to sjølvkostområda, i samsvar med krava til at det ikkje skal forekome kryss-subsidiering.

Eigarstyringa i VØR skjer gjennom representantskapet, som er samansett av fire representantar frå kvar av kommunane. I dette representantskapet vert også betalingsattsane handsama som sak, men det er dei to kommunestyra som gjer dei endelege vedtaka om sattsane.



Fig 1: VØR si verksemd er styrt av desse fire hovudelementa som er vist her. Prioriteringar og tiltak som vert gjort, er ei kontinuerleg avveging av tilhøvet mellom desse.

VØR si drift og prioritering er ikkje berre styrt av eigarkommunane og abonnentane sine ynskje. Som Fig. 1 viser, er det mange faktorar som skal avvegast og gjev føringar. Statsforvalaren sine driftsløyve for anlegga er eitt slikt, det same er dei nye nasjonale krava som er innført gjennom Avfallsforskrifta.

Status for VØR

Sommaren 2022 vart det nye omlastingsanlegget til VØR på **Melsgjerdet** i Ørsta sett i drift. Alt som vert samla inn ute hos abonnentane vert ført direkte hit. Per i dag føregår det ei viss sortering og behandling her, før dei ulike fraksjonane vert transportert vidare til foredlingsanlegg - eller for restavfallet sin del: til varmeproduksjon. Anlegget er bygd og vert drifta i samsvar med svært strenge miljøkrav, slik at dette no er eit framtidretta anlegg med trygg handtering av dei ressursane som avfallet er.

Selskapet sin aktivitet er såleis frå i år fordelt på to lokasjonar: Melsgjerdet og Hovden, der administrasjon og miljøstasjon framleis er. Anlegget i Hovden er trangt og velbrukt og har i framtida

trong for oppgradering i høve til å utvikle tenestene, framtidige krav til sortering og i høve til tryggleik.

VØR har i 2023 utarbeidd ein **revidert strategiplan** for selskapet. Gjennom den planen ynskjer vi å få til ei målretta og stegvis utvikling av selskapet – til beste for miljøet, lokalsamfunnet og abonnentane. Det skjer store endringar i avfallssektoren: der det før handla om å verte kvitt avfall, handlar det no om å ta vare på ressursar og syte for at dei vert brukte på nytt og på nytt – i eit sirkulær kretsløp. Det inneber omstillingar også for VØR: vi må forhalde oss til stadig nye sentrale krav, vi må stette vilkåra som er knytt til våre driftsløyve og ikkje minst: vi skal syte for ei god og kostnadseffektiv teneste for innbyggjarane i Volda og Ørsta.

Den nye strategiplanen til VØR ligg som vedlegg til denne saka. I denne planen er det peika ut fem prioriterte satsingsområde for VØR, med tilhøyrande hovudmål:



Fig.2: VØR sine satsingsområde med tilhøyrande hovudmål

Kvart av hovudmåla i fig.2 har konkretiserte tiltak som er innarbeidde i Handlingsplanen for 2024 – 2027, som ligg bakerst i strategiplanen. Nokre av tiltaka som kan nemnast er:

- Effektivisering av drifta, med tenestegjennomgang, ruteforbetring, digitalisering, endra organisering og revisjon av gebyrforskrifta
- Fornyng av miljøstasjonen, med fokus på trafikktryggleik, nye sorteringskrav og god funksjonalitet
- Tenesteutvikling, som ombruk, fritidsrenovasjon, bioposar, tekstilnnsamling og nedgravde avfallsanlegg.

Andre tiltak

Det er for 2024 ikkje lagt opp til å gjere vesentlege endringar i dei ulike typane tenester som VØR tilbyr. For somme tenester kunne det vore aktuelt å gjere justeringar no. Dette er det ynskjeleg å vente med til revisjonen av den lokale renovasjonsforskrifta for Volda og Ørsta. Det arbeidet er planlagt

starta i 2024, og då er intensjonen å dele dagens forskrift i to: ein generell forskriftsdel som gir rammene og ei tenesteskildring, som gir detaljane for m.a. praktisk gjennomføring.

Det er i 2024 ikkje lagt opp til å gjere nye låneopptak. VØR har stor lånegjeld, og det er viktig å unngå å auke den meir. Per idag har selskapet unytta lånemidlar på kring 6,0 mill kr og desse er i hovudsak planlagt disponert slik:

- Skifte varebilar til el.drivne bilar
- Vidareutvikling av anlegget på Melsgjerdet. Driftstilpassing
- Utvikle og fornye materiell til fritidsrenovasjon og nedgravde fellesanlegg

Økonomisk status og budsjettføresetnader

VØR er eit lite selskap i høve til dei fleste andre interkommunale avfallsselskap. Selskapet har over tid hatt sunn økonomi, rasjonell drift og har kunne halde låge prisar til abonnentane. Men trongen for ei meir tidsrett handtering av avfallsressursane har tvinga seg fram, og difor vart det nye anlegget på Melsgjerdet etablert. Dette er ei **stor investering** for VØR på heile 124,5 mill kr, som no skal betalast. I tillegg inneber det nye anlegget høgare driftskostnader, og at vi no har to lokasjonar som skal bemannast og driftast. I budsjettet ser vi dette i form av vesentleg kostnadsauke til m.a. renter, avdrag, forsikring, straum mv. Det nye anlegget gir ei trygg og rasjonell handtering av avfallet i samsvar med noverande og framtidige miljøkrav, men det gir ikkje kortsiktige økonomiske gevinstar i form av vesentleg inntektsauke eller kostnadsreduksjon. Dei økonomiske gevinstane vil ein søkje å opparbeide over tid, t.d. gjennom auka aktivitet og utvikling av drifta.

Parallelt med dei auka drifts- og kapitalkostnadane knytta til Melsgjerdet, opplever VØR den same **generelle kostnadsveksten** som elles i samfunnet: kraftig lønsvekst (5,2% opp i 2023), sterk renteauke (i hovudsak lån med flytande rente) og høg prisvekst, der m.a. drivstoff er ein stor kostnad. Eitt prosent høgare rente inneber for VØR 1,0 mill kr ekstra i renteutgifter. Mange budsjettpostar er krevjande å spå om, men ein formidabel auke i forsikringspremien er varsla. Auken er på kring 75%, i tillegg til at eigenandelen vert auka betydeleg. Bakgrunnen for dette er det store talet på alvorlege brannar i avfallsbransjen siste åra.

Alt dette i sum stiller krav til rasjonell drift og omstilling for å kunne yte gode tenester, slik at gebyrnivået ikkje aukar for mykje. Som omtalt tidlegare, vert det gjennom strategi- og handlingsplan no arbeidd med mange tiltak for å oppnå dette. Talet på årsverk i VØR er planlagt auka med 1,1 til 20,6 årsverk i 2024, noko som er naudsynt for å sikre nok kapasitet og rett kompetanse til å gjennomføre forsvarleg drift og planlagde tiltak.

Budsjettet og endring i satsane

Budsjettet for 2024 er utarbeidd med eit samla underskot for dei tre tenesteområda på 4,46 mill kr, jf dei vedlagde budsjettdokumenta. I budsjettet for 2024 er det lagt til grunn at satsane for tenester som gjeld renovasjon vert auka med 9,5%, mot 4% for 2023. Gjennom 2022 og 2023 har kostnadsveksten reelt vore langt høgare enn dette, så kombinasjonen av effektiv drift og pengar på sjølvkostfondet gjer at gebyrveksten kan bremsast. På tenesteområdet renovasjon var der ved sist årsskifte eit sjølvkostfond på kr 8,32 mill kr, medan det for slam var eit negativt fond på 1,8 mill kr. I budsjettet for 2023 er det vedteke eit samla underskot på 4,69 mill kr for dei tre tenesteområda renovasjon, slam og utleige. Rekneskapen hittil i år viser at underskotet vil bli mindre enn dette, og det er difor vurdert som forsvarleg at underskotet for 2024 vert av denne storleiken. For å redusere underskotet, har det vore

vurdert å auke renovasjonsgebyret ytterlegare for 2024. Dette har ein valgt å ikkje gjere, mellom anna på grunn av forventet effekt av dei tiltaka som no vert sett i gang.

Om vi samanliknar gebyrnivået til VØR med naboselskapa, viser det at vi framleis har dei billigaste satsane på renovasjon, og det forventar vi skal halde seg også inn i 2024. Det er også viktig å samanlikne kva tenester ein betaler for, og VØR har så langt hatt eit litt høgare tenestnivå i sine ordningar enn dei fleste andre naboselskapa. Når sjølvkostfondet på renovasjon er brukt opp, inneber det at gebyr og andre inntekter i større grad må dekkje utgiftene, eller at utgiftene må ned. Ein fortsatt auke i renovasjonsgebyret må påreknast, mellom anna på grunn av strengare sentrale krav til renovasjonstenestene, og trongen for oppgradering av miljøstasjonen i Hovden

For 2023 vart slamgebyra auka med 4%, medan det for 2024 er føreslege auke på 3,5%. For åra som kjem er det for slam ikkje venta andre endringar enn normal prisutvikling.

Hans Peter Eidseflot
Dagleg leiar

Vedlegg:

1. Prisliste for abonnement og tenester for renovasjon og slam
2. Budsjettet 2024 –taldel
3. Strategiplan for VØR for 2024-2027